



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Rune Johan Mikkelsen, 5557 2181

Vår dato
21.05.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/6170 530
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Vinterskader på barskogen i Hordaland

Fylkesmannen har sidan vinteren 2012/2013 fått meldingar om «brun» barskog i fylket. Skadane gjeld for plantefelt, eldre skog og ulike treslag. Kraftig austavind, frost og tele i bakken er truleg årsaka. Skadane synast verre i 2014 og lik mange plassar på Vestlandet.

Fylkesmannen ber alle kommunane i Hordaland om å rapportere skader på barskogen, jf. §10 i *Forskrift om berekraftig skogbruk*. Rapporteringa gjeld for plantefelt sidan 2012 og ståande barskog i kommunen. For kunnskap om plantefelt dei siste åra kan ØKS nyttast. Skogansvarleg må sjølv vurdere behovet for tal kontrollar/synfaringar, til å få eit godt inntrykk av situasjonen. Forutan opplysningar om den enkelte lokalitet, ber vi kommunen *anslå* omfanget skada barskog – anten areal eller ein kategori («Få observerte skader» – «Ein del observerte skader» – «Mykje skader»). Elektronisk rapportering direkte på heimesida til Skog og Landskap. Frist 1. august 2014.

Skader på eldre skog

Skog og Landskap har førebels tilrådd skogeigarane å sjå an årets knoppskyting *før* ein konkluderar om trea vil overleve eller død. Til tross for mykje nålefall og brunt bar, kan trea klare seg. Men desse trea har eit svakt «immunforsvar», utsatt for sopp- og insektskader og stagnert tilvekstproduksjon. Det er særskilt viktig å overvake produksjonsskogen utover sumaren og dei neste åra i høve behovet for hogst. I ein del område er det ikkje bygd skogsvegar, noko som vil vere tidkrevjande og må prioriterast.



Bilete: Vinterskader på gran. Frå Osterøy og Bergen, våren 2014. Foto, Fylkesmannen i Hordaland.

Skader i plantefelt

Ein del meldingar syner døde plantefelt med behov for supplerings-/nyplanting. I høve konkurransen med anna vegetasjon vil det vere behov å prioritere desse felta. Kommunen kan anten sjølv synfare siste års plantefelt eller meir tidssparande kontakte skogeigarane med oppmoding om ein sjekk.

Tilskot – økonomi

Fylkesmannen har ikkje ekstraordinære midlar til vinterskader. Ved behov for skogsvegbygging i område med skada skog, vil fylkesmannen vurdere å prioritere vegtilskot. Ordinær skogforsikring dekkjer ikkje skadetypen. For skada plantefelt vil vi rå kommunane å nytte ein høg (80%) tilskotssats ved bruk av NMSK midlane.

Rapportering

Skog og Landskap har utvikla ein elektronisk løysing for rapportering. Fylkesmannen ber alle kommunane nytte løysinga slik at ein får heilskapleg oversyn over skadeomfang og skadegrad. Klikk på linken <http://www.skogoglandskap.no/temaer/skogskader>. Fylkesmannen meiner det vert behov å halde fram overvakainga dei neste åra.

Med helsing

Åse Vaag
ass. landbruksdirektør

Rune Johan Mikkelsen
fylkesskogmeister

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Vestskog SA
Nortømmer AS
Skog og Landskap